

KLAUS JOHAN MYRVOLL

Fråværet av vokalharmoni i gamalnorsk etter stutt /æ/ og /ɔ/

0. Eit velkjent problem i gamalnorsk fonologi er reglane for vokalharmonien og særskilt det fråværet av vokalharmoni som synest å vera etter trykksterk stutt /æ/ og /ɔ/. I motsetnad til ved andre trykksterke vokalar, der valet millom trykklett *i* og *e* og *u* og *o* tydeleg er styrt av høgdi på vokalen i den trykksterke stavingi fyre, soleis at vokalharmonien kann analyserast som ein progressiv fjernassimilasjon, er det vandt å gjera greida for dei trykklette vokalane etter stutt /æ/ og /ɔ/: Ut frå den ikkje-høge kvaliteten på vokalane skulde ein venta dei ikkje-høge endingsvokalane *e* og *o*, men i staden finn ein dei høge *i* og *u*.

Det hev vore gjort fleire freistnader på å tyda ut dette tilhøvet, men ingi av deim kann segjast å ha fenge gjennomslag. Målet med denne artikkelen er ikkje å koma med ei heilt ny uttyding av vokalharmonien og problemet knytt til /æ/ og /ɔ/, men å vurdera kritisk dei uttydingane som hev vore sette fram tidlegare, og å lyfta fram ein teori um vokalharmonien som fortener meir merksemd, framlagd av Ljubiša Rajić (1975, 1980). Denne teorien vert supplert med nokre eigne observasjonar som gjeld skilnaden i vokalharmoni etter stutt /æ/ og /ɔ/ på den eine sida og stutt /a/ på den andre. Artikkelen munnar ut i ein konklusjon som legg vekt på den underordna rolla kvantitet spelar i vokalharmonien.

Myrvoll, K. J., stipendiat in Old Norse philology, Universitetet i Oslo. "The lack of vowel harmony in Old Norwegian after short /æ/ and /ɔ/". *ANF* 129 (2014), pp. 5–19.

Abstract: Most Old Norwegian dialects are characterised by the existence of vowel harmony, whereby the unstressed vowels *i/e* and *u/o* are realised as either high (*i, u*) or mid-high (*e, o*) depending on the height of the preceding stressed vowel. However, in words with stressed short /æ/ and /ɔ/ no vowel harmony seems to be present, as these low vowels are followed by the unstressed high *i* and *u*. In this article previous attempts to explain this deviation from the vowel harmony rule are evaluated and subsequently rejected. Particular attention is given to Jan Ragnar Hagland's 1978 proposal, which does not hold up to closer scrutiny. Eventually, the efforts made by Ljubiša Rajić (1975, 1980) at solving the problem are revived and expanded into a total interpretation where the vowel harmony is seen as a phenomenon that combines both stress, vowel height and, to some extent, vowel length.

Keywords: Old Norwegian, Old Norse, vowel harmony, unstressed vowels, vowel length.

1. I norrønt mål var det stor skilnad på inventaret av vokalfonem i trykksterk og trykklett stoda. Det fanst heile ni vokalfonem i trykksterk stoda, men berre tri trykklette, konvensjonelt normaliserte som *i*, *u* og *a*. Ved dei høge *i* og *u* var det likevel ein del variasjon innanfor det norrøne målveldet i måten desse trykklette vokalfonemi vart skrivne på. I gamalislensk vart dei i dei eldste handskriftene skrivne <e> og <o>, so i ein tidbolk på 1200-talet <i> og <u>, fyre dei seinare i same hundradåret fekk skrivemåten <i> og <u>, som dei hev havt sidan (Hreinn Benediktsson 1962).

Denne skiftingi i skrivemåten av dei høge trykklette vokalane hev som fyresetnad den skilnaden som fanst millom det trykksterke og trykklette vokalinventaret. Med di det ikkje fanst nokon opposisjon millom [i] og [e], [u] og [o] i trykklett stoda, men derimot i trykksterk stoda, kunde identifiseringi av dei trykklette vokalane ymsa. Hreinn Benediktsson (1962: 14) tenkjer seg at sjølve den ljødlege framburden av dei høge trykklette vokalane i gamalislensk var rimeleg konstant, som [i] og [u], men at identifiseringi av deim som anten <i> eller <e>, <u> eller <o> skifte med tvo endringar i det trykksterke systemet: Ei lægging av dei stutte fremre urunda vokalane /i/ og /e/ førde til at trykklett [i] gjekk frå å verta identifisert med trykksterk /e/ til å verta indentifisert med trykksterk /i/ og vart skriven deretter (dermed millombolken med trykklett <i> og <o>). Ei tilsvarande, noko seinare lægging av dei stutte bakre vokalane /u/ og /o/ førde til at trykklett [u] gjekk frå å verta identifisert med trykksterk /o/ til å verta identifisert med trykksterk /u/, og me fekk soleis den “moderne” islenske skrivemåten med <i> og <u>.

2. Ogso i gamalnorske handskrifter finn me at både <i> og <e>, <u> og <o> vart nytta til å gjeva att dei høge trykklette vokalane. Men her var variasjonen større enn i gamalislensk. Handskrifter frå visse luter av landet hadde eit system som minner um det islenske, der ein anten nytta dei høge <i> og <u> eller dei midhøge <e> og <o>. I handskrifter frå andre landsluter – fremst Austlandet, Trøndelag og Nordvestlandet – finn me derimot at baa vokalhøgdene er nytta, etter eit serskilt mynster avgjort av vokalen i stavingi fyre. Dette mynstret vart fyrst åtgått av Keyser og Unger i innleiingi til utgåva deira av den sokalla legendariske Olavssoga (Delagardieska samlingen nr. 8 frå ca. 1225; Keyser og Unger (utg.) 1849: ix). Dei fann at *i* og *u* fylgde etter rotvokalane *i* (*í*), *u* (*ú*), *y* (*ý*), *au*, *æi*, *æy* og stutt *æ*, medan *e* og *o* fylgde etter *e* (*é*), *o* (*ó*), *æ* og etter *á* “og dets Omlyd *æ*”; etter *a* fylgde *e* og *u*. Desse reglane hev i all hovudsak vorte

stadfeste av seinare gransking. I eit arbeid um eit dilikt tilhøve i gamal-svensk gav Axel Kock ovringi nemningi *vokalharmoni* (Kock 1882: 116, 145). Seinare kalla Marius Hægstad det på norsk for *ljodsamhøve* (Hægstad 1899: 12). Båe nemningane peikar på at det er eit visst samsvar, samhøve, millom vokalane i trykksterk og trykklett staving.¹

Kock (1882: 147) hadde “funnit *o-u*, *e-i* i stafvelsen næst efter rotstafvelsen växla beroende på vokalens kvalitet i sistnämnda stafvelse”, men han kom ikkje lenger i å generalisera fundane sine enn dette:

Ändelsevokalerna *u-i* å ena samt *o-e* å andra sidan användas såsom likställda. Orsaken härtill torde åtminstone delvis vara att söka däri, att *u* och *i* båda enligt Sweets terminologi äro ”high”[-]vokaler, *o* och *e* däremot icke-”high”-vokaler ... (Kock 1882: 170)

Det Kock tyder ut her, er berre at *u* ter seg likt som *i* og *o* som *e* når det gjeld kva rotvokalar dei fylgjer etter.² Det er etter det eg hev funne Marius Hægstad som fyrst identifiserer vokalharmonien som ei skifting millom trykksterke og trykklette vokalar av same høgd:

Grunndraget i dette ljodsamhøve i g[amal]tr[øndsk] er at ein høg ljodsterk vokal ogso vil hava ein høg vokal i endingi, medan ein midhøg eller laag vokal vil hava midhøg vokal i endingi, like vel med den avgrensing at dei stutte og opne ljodbrigde vokalar *ø* og *æ* vil hava høg vokal etter seg, og at *a* vil hava høg guttural og midhøg palatal vokal i endingi, ... (Hægstad 1899: 78)

Hægstad fører so upp ulike skjema for kva vokalar dei ymse endingsvokalane (*i*, *e*, *u* og *o*) stend etter. Systematiserte og noko moderniserte i skrivemåten kann reglane setjast upp som i tabellen på neste sida. Dette er reglar som seinare forskarar hev halde seg til, og som eg kjem til å leggja til grunn for dryftingi lenger fram.

3. Desse reglane er i hovudsak dei same som deim me finn hjå forskarar som seinare hev skrive um vokalharmoni. Hallfrid Christiansen (1947: 100 f.) skil seg frå Hægstad berre i det at ho presiserer at det er ein del

¹ I sume gamalnorske handskrifter er det òg variasjon ved *a*, som skifter med *æ* eller *e*, delvis etter eit vokalreduksjonssystem, delvis etter eit vokalharmonisk system. Eg kjem ikkje til å ganga nærare inn på dette meir spesielle systemet, som hev nokso avgrensa utbreiding (jf. Hødnebo 1977: 379 ff.).

² Det er soleis ikkje rett når Jan Ragnar Hagland (1978a: 141) hevdar at regelen for vokalharmoni “has, since Kock (1882: 170), been that high stressed vowels require high vowels in unstressed syllables and that non-high require non-high unstressed vowels (*i/u* and *e/o* respectively)”. Kock uttalar seg berre um høgd på dei trykklette vokalane.

Tabell 1. Vokalharmonien i gamaltrøndsk (etter Hægstad 1899).³

	Trykksterk vokal				Trykklett vokal
	fremre		bakre		
	urunda	runda	urunda	runda	
høg	i, í, ei	y, ý, øy		u, ú, au	i – u
midhøg	e, é	ø, ø		o, ó	e – o
låg lang	æ		á	(ø)	
låg stutt I	æ			ø	i – u
låg stutt II			a		e – u

variasjon etter stutt æ, der det “ble brukt både *e* og *i*, noenlunde regelfast *u*, sjeldnere *o*”. Ho legg til at dette hev med den ulike uttalen av denne vokalen i dei gamalnorske målføri å gjera:

... somme steder er den falt sammen med kort *e*, andre steder har det holdt seg en forskjell i uttalen mellom *e* og æ, men neppe noe sted er det gamle tilhøve mellom opphavlig *e* og *i*-omlydt *a* holdt ved lag. (Christiansen 1947: 101)

Didrik Arup Seip (1955: 128 f.) hev ei dilik presisering av variasjon ved stutt æ (*i* ~ *e*). Elles er reglane dei same som hjå Hægstad, med det undantaket at Seip (s. 129) hevdar at me etter “brytningsdiftongen *io*” skulde venta *o*, men ofte finn *u*, noko som “synes å vise sammenfall med *ø*”. Her byggjer Seip på eit no avaldra syn på brjotingsproduktet av *e* fyre *u* som *jo*, som fyrst seinare vart til *jø* ved “sammenfall”. Dersom me legg til grunn at brjotingsproduktet var *jø* frå byrjingi av (jf. Skomedal 1980: 129), vert *u* i endingi ved vokalharmoni det ein skulde venta, og det er det Seip hev flest døme på òg (⟨diofull⟩, ⟨dioflum⟩, ⟨iorðunne⟩, ⟨siolfum⟩, ⟨híolmulande⟩). Hægstad synest å leggja til grunn at brjotingsproduktet var *jø*, då han nemner ⟨dioflum⟩ millom dømi sine på *u* i endingi (Hægstad 1899: 79).

Gustav Indrebø (1951: 136) freistar seg med ei større generalisering av vokalharmonien når han skriv at “[r]egelen er at *i* og *u* stend etter høge vokalar i rotstavingi, *e* og *o* etter låge vokalar”, men dette vert upresist, då “låge” vokalar berrsynt er meint å femna um både midhøge og låge vokalar. Dessutan vert det draget som rotvokalane og endingsvokalane hev sams ikkje nemnt. Meir presist vilde det vera å formulera regelen for vokalharmonien soleis (jf. Hagland 1978a: 141, hermt i note 2):

³ Hægstad heldt seg med tvo ulike stutte ø-ar: ø og ö, bytte etter umgjevnadene, men med same endingsvokalar etter seg. Det hev eg valt å sjå burt frå her. Lang ø er sett i parentes av di denne ljoden alt tidleg (um lag 1200) fall saman med á.

Høge trykksterke vokalar vert fylgde av høge trykklette vokalar (*i, u*), og ikkje-høge trykksterke vokalar vert fylgde av ikkje-høge trykklette vokalar (*e, o*).

Med denne formuleringi av vokalharmonien vert dei einaste undantaki at dei stutte låge *æ* og *ø* vert fylgde av *i* og *u*. Dei lange låge *é, á* og *ó* fylgjer derimot regelen og fær trykklett *e* og *o*, og det same gjeld den stutte låge *a*, som fær trykklett *e*. At stutt *a* fær trykklett *u* etter seg, kunde sjå ut som eit undantak til regelen, men det kann løysast ved å nytta ein meir sofistisert fonologisk analyse enn den Hægstad hadde for handi i 1899. Etter di fonemi /a/ og /ø/ var nøytraliserte fyre /u/ i norrønt (det fanst ingen fonologisk opposisjon millom deim i denne stoda), er det inkje som tvingar oss til å lesa grafemet <a> i denne stoda som [a]. Tvert um, denne ljoden kunde truleg verta uttala som [ɔ] = /ø/ eller som noko imillom [a] og [ɔ], jf. Hreinn Benediktsson 1963: 422. I so fall er trykklett <u> etter <a> det ein skulde venta, sidan /ø/ (som /æ/) fekk <u> etter seg.⁴

4. Ikkje like lette å tyda ut er undantaki stutt *æ* og *ø*. Det verkar intuitivt merkelegt at *æ* og *ø* skulde få dei høge vokalane *i* og *u* etter seg, då *æ* og *ø* er lægre vokalar enn *e* og *o*. Det hev vore gjort fleire freistnader på å tyda ut desse undantaki til vokalharmonien, men ingi uttyding hev vunne ålmenn tilslutnad, jf. Schulte 2002: 891: “Although this deviation has been observed by several scholars, it defies a proper solution”.

Her skal eg nøgja meg med å ganga heilt stutt inn på hypotesen at Ottar Grønvik (1998) um at umljodsvokalane i røyndi var stuttdiftongar, fyre eg dryfter grundigare den tolkingi som Jan Ragnar Hagland gav av vokalharmonien i ein artikkel frå 1978 og (mest identisk) i ei bok frå same år (Hagland 1978a og b). Endeleg skal eg leggja fram dei tankane som Ljubiša Rajić målbar i hovudoppgåva si (1975) og i meir utvikla form i eit fyredrag fem år seinare (1980), som eg vil byggja på i ei heilskapleg tolking av vokalharmonien.

Ottar Grønvik (1998: 28 f.) hevdar at umljodsvokalane som vert normaliserte *æ* og *ø*, på eit tidlegt tidspunkt var stuttdiftongar, /ai, æi/ og /au, øu/. Dette byggjer han m.a. på tidlegare arbeid av Trygve Knudsen (1967: 18–22) og Eyvind Fjeld Halvorsen (1987, jf. òg d.s. 1984: 246), som hev

⁴ Ein slik analyse kann òg tyda ut at me sporadisk finn skrivemåtar som <fiatri> attved <fiotri> og <hafði> (av <havuð>, d.e. *hofjuð*) attved <hofði>, med “-i der me venta -e” (Hægstad 1899: 80), i den legendariske Olavssoga. Her òg må grafemet <a> standa for /ø/ (grafematisk analogi med <fiaturr> og <havuð>, der <a> stend fyre trykklett *u*), som krev -i etter seg; med andre ord retter endingsvokalen i handskrifti seg etter talemålet og ikkje etter bokstaven på papiret, og i talemålet er -i nett det me skulde venta.

meint at skrivemåtar som *heivir* og *gaurðum* i austnorske handskrifter frå 1200-talet speglar ein slik uttale. Ved å leggja ein tviljoda uttale av umljodsvokalane til grunn kann Grønvik tyda ut at dei tedde seg sameleis som normaldifftongane *ei*, *au* og *øy* når det galdt vokalharmoni. Til dette er å segja at skrivemåtane med tillegg av *i* (*ei*, *æi*) ikkje var avgrensa til stutt *æ*, men òg fanst etter *e* og *é*. Millom dømi Noreen (1923, § 96) gjev på denne ovringi, er *dreipin*, *veirit* (historisk *e*), *léigi* og *landaméiri* (historisk *æ*). Bokstavkombinasjonen <au> vert på si sida rekna som éin av fleire moglege skrivemåtar av /q/, jf. Noreen 1923, § 29. – Eg kjem ikkje til å forfylgja Grønviks tolking av dei stutte umljodsvokalane *æ* og *ø* lenger.

5. Jan Ragnar Hagland (1978a) gjer ein teoretisk ambisiøs freistnad på å tyda ut undantaki til vokalharmonien, men kjem gale ut av di han ikkje hev fenge reglane rett. Han hevdar at “*a* (and u-umlauted *a*) [is] followed by *u* and *e*, *æ* (i-umlauted *a*) by *i* and *u* (*o*)” (s. 141). Med di Hagland ikkje skil millom *a* og u-ljodbrigrd *a*, d.e. *ø*, fær me det viktuge avviket frå Hægstad og alle hine at *ø* skal vera fylgd av *e* og ikkje *i*. Dessutan hevdar Hagland at *æ* skal vera fylgd av “*u* (*o*)”, og seinare i artikkelen (s. 142), når han ramsar upp kva rotvokalar dei ymse trykklette vokalane fylgjer etter, fører han ikkje upp *æ* millom dei rotvokalane som fær trykklett *u* etter seg, men derimot millom deim som fær trykklett *o*, med tillegget “after 1300” i parentes. Hagland utdjupar dette i neste avsnitt:

Diacronic descriptions of Old Norwegian, e.g. Seip (1955: 129) and Christiansen (1947: 101), maintain that i-umlauted /a/ (*æ*) is usually followed by *u*. There is evidence in the charters from before 1300 to support this (cf. also Hægstad 1922: xxxvi). After 1300, however, historically [+low] fronted vowel is with few exceptions followed by *o* in the Trøndelag charters. This will be accounted for below. (Hagland 1978a: 142)

Det tilstandet Hagland gjev seg til å skula tyda ut, er soleis tvo radt ulike endingsset for *æ* og *ø*: *i* – *o* etter *æ* og *e* – *u* etter *ø*. Dette ser unekteleg meir mystisk ut enn dei klåre reglane hjå Hægstad og andre, der undantaki *æ* og *ø* hev same, høge endingsset (*i* – *u*). Det fører då òg til at Hagland lyt rekna med heile fire ulike reglar for å gjera greida for endingsvokalane i gamaltrøndsk, der han kombinerer éin vokalharmonisk regel med tri reglar for vokalveikjing (høg > midhøg) i trykklett stoda. Han hevdar soleis at vokalharmonien verkar innanfor eit avgrensa område:

Unlike regressive distant assimilations such as umlaut, VH [= vowel harmony] only seems to operate on phonological closely related vowels. In a vowel system of three distinctive heights such as Old Norwegian, stressed low vowels do no progressively assimilate underlying unstressed high vowels. (Hagland 1978a: 143)

Hagland gjeng med andre ord ut frå underliggjande /i/ og /u/ – det same vil eg òg gjera – og argumenterer for at når desse ljodane ovrar seg som <e> og <o> etter visse låge vokalar, er det utslag av andre fonologiske prosessar enn vokalharmoni, som berre verkar etter midhøge vokalar (etter høge vokalar er dei då uendra). Hagland tek utgangspunkt i tilhøvi i dei tristava ordi, der dei trykklette vokalane i materialet hans *ikkje* samsvarar med vokalane fyre, men som regel vert realiserte som *e* og *o* (ratio 10 : 1 i høve til *i/u*). Dette vil Hagland tyda ut som utslag av vokalveikjing (etter di han reknar med underliggjande /i/ og /u/), og han tenkjer seg so at det kann vera ulike former for vokalveikjing som avgjer framburden av dei trykklette vokalane òg etter låge vokalar i tvostava ord. Denne reduksjonen skal berre vera gjennomført utan undantak etter lang låg vokal (d.e. etter *é* og *á, ô*):

This may be naturally explained as a result of the high intensity of articulation for such vowels resulting in comparatively little stress on the vowel of the subsequent syllable. As the system otherwise reduces such weakly stressed /i/ and /u/ it is natural that the same should be done in this position. (Hagland 1978a: 144)

Her kann det sjå ut til at Hagland forbyter vokallengd med stavingslengd. At trykklette vokalar kann verta veikte i ulik grad etter lengdi på stavingi fyre, er velkjent (jf. den sokalla jamvektsregelen i austnorsk), men at lengdi på *vokalen* i stavingi fyre skal vera det avgjerande, kjenner eg ikkje parallellar til. Etter di reglane for vokalharmonien som er framlagde i tab. 1, er dei same etter både stutt og lang staving, kann ikkje vokalveikjing og jamvekt tyda ut det me ser. Dersom det var vokalveikjing etter dei låge vokalane, skulde me ha venta t.d. **hofðe*, ikkje *hofði*, men **dali*, ikkje *dale*. Haglands uttyding av endingsvokalane etter dei lange låge vokalane er dessutan minder økonomisk enn å rekna med at det er vokalharmoni som verkar her òg: Ikkje-høg *e* og *o* er det ein skulde venta etter ikkje-høg /æ/, /á/ og /ǫ/ etter den vokalharmoniske grunnregelen.

Problemi med vokalveikjingshypotesen åt Hagland vert ikkje mindre når me kjem til tilhøvi ved dei stutte låge vokalane. Her skal det etter Hagland vera eit vilkor for vokalveikjingi at den trykksterke og trykklette vokalen ikkje hev nokon sams eigenskap (“no common feature”). Motsett, når dei hev “the same specifications for the feature [back] they seem to be phonologically too close for VR to operate” (s. 145; VR = *vowel reduction*). Soleis skal den fremre endingsvokalen /i/ verta veikt til [e] etter dei bakre /a/ og /ɔ/, men halden som [i] etter den fremre /æ/, medan den bakre endingsvokalen /u/ skal verta veikt til [o] etter den fremre /æ/, men halden som [u] etter dei bakre /a/ og /ɔ/.

Denne kryssande operasjonen er elegant, men abstrakt, og Hagland gjev ingi parallellar til at skort på sams faktor fremjar reduksjon (jf. Rindal 1979: 233). Det største problemet er likevel at han, som tidlegare nemnt, baserer seg på feil data. I ingi av dei tidlegare skildringane av vokalharmonien hev det vore hevda at /i/ vert realisert som [e] <e> etter /ø/, og Haglands eige materiale hev berre døme i bunden artikkel på trykklett /i/ etter /ø/ (8 gg. <e>), men som Hagland sjølv segjer, tyder materialet på at bunden artikkel ikkje fylgjer distribusjonsmynstri som elles gjeld for vokal i trykklett stoda i den perioden desse dømi er frå (Hagland 1978b: 90).

Dersom ein i samsvar med tidlegare skildringar legg til grunn at det fylgjer <i> etter /ø/ – og det er det god grunn til å gjera –,⁵ vert dette eit brot med Haglands vokalveikjingsregel, sidan /i/ og /ø/ ikkje deler nokon eigenskap. Dessutan: Den veikjingi som Hagland postulerer av /u/ etter /æ/, meiner han sjølv hender fyrst på eit seinare stig (um lag 1300), og han kjem med ei *ad hoc* uttyding um at “VR₂ [d.e. vokalveikjing etter stutt låg vokal] seems to be added to the grammar at a later stage after the [-back] than after the [+back]vowel” (s. 145). Kvifor det skulde vera soleis, hev han ingi uttyding til. Eg kann derimot tenkja meg at når /æ/ oftare fær <o> etter seg frå um lag 1300, kann det koma av at det då hev hendt eit samanfall av stutt /æ/ og /e/. Medan desse tydeleg var skilde fonem i eldste gamaltrøndsk (t.d. i den legendariske Olavssoga, jf. Hreinn Benediktsson 1964: 81), må dei seinare ha falle saman i eitt fonem, som då måtte kunna ymsa i framburd millom [e] og [æ], helst etter ljodlege umgjevnader. At dette samanfallsproduktet, /e~æ/, kunde få <o> etter seg like gjerne som <u>, er ikkje merkelegt med tanke på at det dekte eit fonetisk felt som tidlegare hadde gjeve både <o> (d.e. etter trykksterk /e/) og <u> (etter trykksterk /æ/) i stavingi etter.

Det er med andre ord fleire grunnar til at Haglands freistnad på uttyding av skorten på vokalharmoni ved dei stutte låge vokalane mislukkast. Som nemnt ser eg heller ingen grunn til å fylgja Grønviks “kortdiftong”-teori, og Trygve Skomedals postulat um ein “vokalkontrast” ved æ og ø (referert i Johnsen 2003: 52 f.) er ikkje motivert. Sverre Johnsen (2003: 53) freistar sjølv å løysa problemet med å dela upp den lægste vokalhøgdi i det stutte delsystemet i tvo, soleis at æ og ø hamnar i ei eigi, tredje høgdi.

⁵ Desse tidlegare skildringane baserer seg på handskrifter som er eldre og mykje meir umfangsrike enn det diplomaterialet Hagland avgrensar seg til. Til dømes nemner Hægstad (1922: xxxvi) at handskrifti til den sokalla legendariske Olavssoga hev trykklett i “etter dei stutte midhøge vokalar ø og æ”, og til ø nemner han dømet <foðzlu> (dat. sg. av *soðull*). Jf. òg note 4.

Men kvifor denne tridje høgdi skulde få *i/u*, “og ikkje *e/o* som ventelegt er”, hev han ikkje noko svar på. Dette vert soleis heller ikkje nokor uttyding av fenomenet.

6. Den som etter mi meining hev kome nærast ei uttyding av fråværet av vokalharmoni ved /æ/ og /ø/, er Ljubiša Rajić, i hovuduppgåva si frå 1975 og seinare i eit fyredrag frå 1980. Fyredraget er noko knappare formulert enn den aktuelle delen av hovuduppgåva, men argumentasjonen er presisert og utbygd på viktuge punkt som gjer det naturlegt å referera mest frå det, men der eit utfyllande argument berre finst i hovuduppgåva, nemner eg det.

Rajićs teoretiske grep er å draga inn typologisk evidens frå andre språk som hev vokalharmoni, d.e. uralske og altaiske språk. Denne evidensen syner at vokalharmonien gjev seg til kjenne gjennom artikulatorisk likskap millom vokalen i fyrste staving og vokalen i stavingi etter. Den artikulatoriske likskapen ligg i at desse vokalane hev minst éin sams relevant distinktiv faktor. Rajić (1975: 147) finn vidare at vokalharmonien er meir konsekvent gjennomført ved system med tvo høgder (tyrkisk) enn ved system med tri høgder (finsk). Dette hev relevans for gamalnorsk, som hev eit system med tri høgder i trykksterke vokalar.

Rajić formulerer det vokalharmoniske systemet i gamalnorsk i samsvor med Christiansen 1947, som me såg skilde seg frå Hægstad berre i at ho presiserte at det var variasjon etter stutt *æ* (*e/i – u*, sjeldan *o*), og Rajić sluttar at det er råd å formulera reglar for dei høge, midhøge og lange låge, men at det for kvar av dei tri stutte låge vokalane må setjast upp serskild regel.

Rajić vurderer so kva for “utgangspunkt” vokalharmonien i gamalnorsk hadde, d.e. kva for system som fanst for dei trykklette vokalane *fyre* vokalharmonien voks fram.⁶ Han dryfter tri slike mogelege system: 1) *i – u – a*, 2) *e – o – a* og 3) *i – e – u – o – a*. Han konkluderer med at system nr. 2 er i strid med prinsippi for vokalharmonien slik han ter seg typologisk i uralske og altaiske språk, ved at det impliserer ein dissimilasjonssprosess ved dei låge stutte vokalane, og system nr. 3 gjev svært kompliserte reglar.⁷ Rajić sluttar at system nr. 1, *i – u – a*, gjev dei einfeldaste reglane, som han set fram soleis:

⁶ Ein annan måte å sjå dette på er kva system som er *synkront* underliggjande, d.e. kva fonologisk verdi dei trykklette vokalane hev når vokalharmonien ikkje verkar. Det er denne synkrone analysen eg kjem til å forfylgja.

⁷ Her må det presiserast at vokalharmonien må vera munaleg yngre enn dette (seine) urnordiske vokalsystemet, og at trykklett /i/ og /e/ og /u/ og /o/ må ha falle i hop fyrst, soleis at vokalharmonien hev utgangspunkt i eit system med tri trykklette vokalar.

1. Ingen vokalharmonisk endring ved høge vokaler ettersom de allerede har felles distinktiv faktor [+høg].
2. Vokalharmonisk endring ved midtre vokaler ved at de “drar” de høge ned til midtre og dermed får en felles distinktiv faktor.
3. Ved lave vokaler inntreer vokalharmonisk endring ved de lange, men ikke ved de korte. (Rajić 1980: 318)

Ved reglane under punkt 1 og 2 er det typologiske prinsippet stetta, skriv Rajić, då vokalane korresponderer horisontalt i systemet. Denne horisontale korrespondansen “burde anses som vokalharmoniens typologiske konkretisering i gammelnorsk” (Rajić 1980: 318). Ved regelen under punkt 3 derimot er det typologiske prinsippet berre delvis stetta, d.e. einast ved dei lange vokalane.

Rajić ser tvo moglege grunnar til den serskilde situasjonen ved dei låge vokalane: Den eine er “vokalsystemets synkrone tilstand” og den andre “vokalsystemets diakrone utvikling” (s. 319). Den synkrone uttydingi gjeng ut på at alle dei låge vokalane i den assimilasjonsprosessen som vokalharmonien er, lyt verka på dei trykklette vokalane /i/ og /u/ yver den midhøge etasjen, i motsetnad til dei midhøge som berre verkar éin etasje upp (frå midhøg til høg). “Denne ekstra avstanden kan virke hindrende på vokalharmonien”, skriv Rajić og held seg til at trykktilhøve truleg hev spela ei stor rolla ved oppkoma av vokalharmonien, men at ein òg kann tenkja seg at kvantiteten var ein faktor:

Artikulasjonsintensiteten i både trykk og lengde var ved de lange stor nok til at den kunne virke vokalharmonisk. Ved de korte var den imidlertid ikke sterk nok til å virke vokalharmonisk. (Rajić 1980: 319)

Dette verkar intuitivt som ei attraktiv uttyding på det tilhøvet me ser ved stutt *æ* og *ø*, ved at Rajić her legg fram ei artikulatorisk forklåring på at desse ljodane gjeng utanum vokalharmonien.

Den diakrone uttydingi hans er derimot minder yvertydande og vanskelegare å fylgja. Han held fram at av dei tri låge vokalfonemi er berre /a/ “det opprinnelige”; /æ/ og /ø/ er “fonemiserte varianter av arkifonemet A der det har virket i- og u-omlyd” (Rajić 1980: 319). Rajić hev rett i at “[d]iakront sett har det vært først omlyd som har virket og deretter vokalharmoni”, men det er vandt å skyna kva han meiner med det næste han skriv: “Vokalharmonisk regel virker altså opphevende på omlydsregelen” (*loc.cit.*). Det synest her som Rajić blandar synkroni og diakroni; eit ord som “omlydsregelen” verkar synkront orientert, og koss vokalharmonien eventuelt skulde verka “opphevende” på ljodbrigdet, vert høgst uklårt. Det Rajić kann ha meint, er at dei trykklette vokalane /i/ og

/u/ ikkje burde verta endra ved vokalharmoni etter dei vokalane som hev kome upp gjennom ljodbrigde på grunn av dei same trykklette vokalane. Dette kann sjåast i samband med noko han skriv i hovudoppgåva si um at dei lange låge vokalane “kan virke senkende på /i/ og /u/ som normalt ikkje skulle blitt berørt ettersom de har bevirka omlyd” (Rajić 1975: 152). Men dette vert ikkje noko problem dersom me legg til grunn at i-ljodbrigdet er ei avslutta tilgonga i norrønt mål, medan vokalharmonien verkar synkront, uavhengig av kva historisk opphav dei einskilde vokalane hev (jf. Hreinn Benediktsson 1964: 99, som syner at skiftingi av trykklett *i* og *e*, *u* og *o* etter stutt *e/æ* i gamalnorske handskrifter som regel er styrd av den synkrone kvaliteten på vokalen og ikkje av det historiske opphavet han måtte ha). At vokalfonemi /æ/ og /ø/ hev kome upp ved ljodbrigde, hindrar ikkje at desse fonemi seinare kann ganga inn i eit vokalharmonisk system og påverka dei vokalane som ein gong valda ljodbrigdet. Ein urnordisk sekvens /a:_i(:)/ som ved fonemiseringi av i-ljodbrigdet vart til /æ:_i/, kann so seinare i gamalnorsk verta realisert som [æ:_e] ved verknad av vokalharmoni; ljoden /æ:/ i rotstavingi er ikkje lenger bunden av at han hev ein trykklett [i] etter seg i neste staving.

Rajić endar dryftingi av vokalharmonien i hovudoppgåva si soleis:

Det eneste jeg finner problematisk er at /a/ medfører /e/. Jeg har ikke hatt mulighet til å foreta noen grundigere gransking av dette forholdet, men kan tenke meg en mulighet av at et eventuelt forlenga /a/ kan ha hatt så pass mye artikulasjonsintensitet at det kan ha hatt senkende virkning på /i/. (Rajić 1975: 152)

Her er det uklårt kva Rajić meiner med “et eventuelt forlenga /a/”. I fyredraget frå 1980 hev han ei litt onnor formulering, og no er det samanfallet av /á/ og /ǿ/ som skal verka utløysande:

Det mest problematiske er at /a/ medfører /e/. En kunne tenke seg at årsaken var at en del av de opprinnelige korte vokalene ble forlenget etter at /á/ falt sammen med /ǿ/ slik at /a/ begynte også å virke som det lange fonemet. Det er imidlertid vanskelig å påstå noe uten en nærmere undersøkelse. (Rajić 1980: 320)

Rajićs hypotese fyreset at samanfallet av /á/ og /ǿ/, vanlegvis datert til um lag 1200, resulterte i ein runda /ǿ/-ljod ([ɔ:]), soleis at stutt /a/ kunde verta lengd og fylla “holet” etter /á/ og med di verka vokalharmoni. Til dette er å segja at det ikkje er uplagt at samanfallet av /á/ og /ǿ/ gav ein runda [ɔ:]; ein annan, konkurrerande hypotese er at samanfalletsproduktet var [a:], jf. Halvorsen 1984. I so fall vert det ikkje noko rom for ei tidleg lengjing av stutt /a/ til /a:/ som skal tyda ut vokalharmonien etter *a*. Men

det er heller ikkje naudsynt for at Rajićs hypotese um ein noko større artikulasjonsintensitet ved /a/ enn ved /æ/ og /ɔ/ skal kunna gjelda. Ljodlengder er ikkje absolutte, men relative storleikar. So lenge /a:/ er markert lengre enn /a/, er distinksjonen halden uppe, og det er ikkje nokon fyresetnad for kvantitetssystemet at t.d. /a:/ er like lang som /æ:/, eller at /a/ er like stutt som /æ/. Med andre ord kann /a/ gjerne ha vore – reint fonetisk – litt lengre enn /æ/ og /ɔ/, og denne lengdi kann ha vore nok til at vokalharmonien – som trass i alt er ein fonetisk prosess – hev verka etter /a/, men ikkje etter /æ/ og /ɔ/.

Her kann eg visa til at det er typologisk evidens for ein korrelasjon millom vokallengd og tungehøgde: Når ein korrigerer for andre faktorar, vil ein høg vokal vera stuttare enn ein låg vokal (Lehiste 1970: 18 f.). Det kjem av større artikulatorkrøsla ved framburden av låge vokalar (*op. cit.*: 19). Ein kann difor ganga ut frå at /a/, som var den lægste vokalen same koss ein set upp vokalsystemet, hev vore noko lengre i uttalen enn andre stutte vokalar i gamalnorsk, medrekna /æ/ og /ɔ/. Dette syner òg den seinare voksteren av gno. *a*: Stuttstava einstavingsord som *dagr*, *dalr* og *matr* hev alltid lang /a:/ i nynorsk; det heiter aldri */dag/, */dal/ eller */mat/ i målføre der det heiter t.d. /vet/ < *vit* n. eller /brot/ < *brot* n. Gno. *a* hev jamvel vorte lengd i målføre som hev halde på den stutte kvantiteten elles; i nordgudbrandsdalsmål heiter det soleis /fa:t/, /ma:t/, /sta:v/ osv., men derimot t.d. /grån/ < gno. *grøn* f. og /bær/ < gno. *bær* pres., jf. Storm 1920: 50–54.⁸

Etter di vokalharmonien etter *a* i denne uttydingi skal vera eit resultat av ein noko større artikulasjonsintensitet (trykk + lengd) ved /a/ enn ved /æ/ og /ɔ/, er det ikkje yverraskande um det skulde finnast undantak der artikulasjonen av /a/ ikkje var sterk nok til å verka assimilerande på den trykklette vokalen, slik at denne vart realisert som (underliggjande) *i*. Det er truleg dette som er tilfellet når Per Nyquist Grøtvedt (1938: 159) hev funne at vokalkorrespondansen *a* – *i* fyrekjem ofte i sudaustnorske diplom frå perioden 1300–1350 i staden for *a* – *e*. Dei dømi han gjev på dette, er talande: *gardi*, *hafdi*, *manni* – alle hev lang konsonantisme etter *a*, noko som venteleg gjer vokalen stuttare og dermed gjer at han fær mindre påverknadskraft på den trykklette vokalen.

I alle fall: Hovudregelen um at /a/ fær *e* etter seg, lèt seg fint ordna inn i eit vokalharmonisk system som òg verkar ved dei låge vokalane (*pace*

⁸ Når sterke preteritumsformer hev halde på stutt *a* i desse målføri, t.d. /las/, /drap/ og /sat/, kjem det av analogi med dei andre bøygingformene, som alle hev stutt vokal, i desse tilfelli /læsa/ (inf.), /læs/ (pres.), /lese/ (perf. part.), /dræpa/, /dræp/, /drepe/ og /siça/, /sit/, /siti/ (alle former etter Storm 1920: 69 f.), jf. Horne 1916: 22.

Hagland) so lenge dei er lange nok til å kunna assimilera den trykklette vokalen (det gjeld /a/, /á/, /æ/ og /ǫ/). Dei låge /æ/ og /ø/ er for stutte – gjeve at dei ligg so pass langt undan i høgd frå dei trykklette vokalane som dei skal verka på (/i/ og /u/). Derimot er stutt /e/, /ø/ og /o/ nære nok (éi høgd undan) til at lengdi ikkje spelar nokor rolla.

7. Det er tid for å konkludera: Vokalharmonien i norrønt er ein progressiv fjernassimilasjon der trykksterke vokalar verkar på dei trykklette vokalane /i/ og /u/ i neste staving soleis at dei kjem på same høgd som eller nærare i høgd til dei trykksterke vokalane. Det er mest økonomisk å ganga ut frå at dei trykklette vokalane er underliggjande /i/ og /u/, som so vert assimilerte til dei ikkje-høge [e] og [o] etter ikkje-høge vokalar; etter høge vokalar hender det ingi endring. Ved midhøge vokalar (/e/, /ø/ og /o/) verkar vokalharmonien so lenge vokalane hev trykk; lengd er irrelevant. Ved låge vokalar, som ligg lenger undan dei trykklette vokalane dei skal assimilera (tvo høgder), må dei i tillegg til å ha trykk vera av ei viss lengd for at vokalharmonien skal verka: normallange (/æ/, /á/, /ǫ/) eller fonetisk “halvlange” (/a/). Dei stutte låge vokalane /æ/ og /ø/ verkar soleis ikkje vokalharmoni og fær dei underliggjande høge /i/ = [i] og /u/ = [u] etter seg. Det er med andre ord ein kombinasjon av trykk, høgd og lengd som styrer vokalharmonien, der trykk og høgd er grunnleggjande, men lengd kjem inn som eit tilleggskriterium når fråstandet i høgd mellom den trykksterke og den (underliggjande) trykklette vokalen vert for stort, d.e. meir enn éi høgd i vokalsystemet (frå låg yver midhøg til høg vokal).

Litteratur

- Christiansen, Hallfrid (1947): *Norske dialekter II. Fra indoeuropéisk grunnspråk til norske dialekter*, Tanum, Oslo.
- Grønvik, Ottar (1998): *Untersuchungen zur älteren nordischen und germanischen Sprachgeschichte* (Osloer Beiträge zur Germanistik 18), Peter Lang, Frankfurt am Main *et al.*
- Grøtvedt, Per Nyquist (1938): “De viktigste særdrag i sørøstnorske diplomer i tiden 1300–1350”. *Maal og Minne* 1938, s. 153–181.
- Hagland, Jan Ragnar (1978a): “A Note on Old Norwegian Vowel Harmony”. *Nordic Journal of Linguistics* 1, s. 141–147.
- (1978b): *Studiar i trøndsk diplomspråk. Ei revurdering av brev materialet frå tida før 1350* (Nordisk institutt, Universitetet i Trondheim. Skrifter 2), Tapir, [Trondheim].

- Halvorsen, Eyvind Fjeld (1984): "Om uttalen av *á* i gammelnorsk". Bernt Fossetstøl *et al.* (red.), *Festskrift til Einar Lundebø*, Novus, Oslo, s. 239–251.
- (1987): "Norsk mellom islandsk og østnordisk – hovedlinjer i norsk språkutvikling på 1200-tallet". (Manuskript, vist til i Grønvik 1998.)
- Horne, Helga (1917): *Aksent og kvantitet i Vaagaamaalet* (Bidrag til nordisk filologi av studerende ved Kristiania universitet 3), Aschehoug, Kristiania.
- Hreinn Benediktsson (1962): "The Unstressed and the Non-Syllabic Vowels of Old Icelandic". *Arkiv för nordisk filologi* 77, s. 7–31.
- (1963): "Some Aspects of Nordic Umlaut and Breaking". *Language* 39, s. 409–431.
- (1964): "Old Norse Short *e*: One Phoneme or Two?". *Arkiv för nordisk filologi* 79, s. 63–104.
- Hægstad, Marius (1899): *Gamalt trøndermaal. Opplysninger om maalet i Trøndelag fyrr 1350 og ei utgreiding om vokalverket* (Videnskabselskabets Skrifter. II. Historisk-filosofiske Klasse. 1899: 3), Jacob Dybwad, Kristiania.
- (1922): "Um maalet i Ólafs saga hins helga. Delag. samling i Uppsala, no. 8 fol.". Oscar Albert Johnsen (utg.), *Ólafs saga hins helga. Efter pergamenthaandskrift i Uppsala Universitetsbibliotek, Delagardieske samling nr. 8^u*, Den Norske Historiske Kildeskriftkommission / Jacob Dybwad, Kristiania, s. xxviii–li.
- Hødnebo, Finn (1977): "Trykk – vokalharmoni – vokalbalanse". *Sjötíu ritgerðir helgaðar Jakobi Benediktssyni 20. júlí 1977. Fyrri hluti*, Stofnun Árna Magnússonar, Reykjavík, s. 375–383.
- Indrebø, Gustav (1951): *Norsk målsøga*, utg. av Per Hovda og Per Thorson, A.S. John Griegs boktrykkeri, Bergen.
- Johnsen, Sverre (2003): "Ljodsamhøvet i AM 315 f fol.". *Arkiv för nordisk filologi* 118, s. 47–75.
- Keyser, R. og C. R. Unger (utg. 1849): *Ólafs saga hins helga. En kort Saga om Kong Olaf den hellige fra anden Halvdeel af det tolfte Aarhundrede. Efter et gammelt Pergaments-Haandskrift i Universitets-Bibliotheket i Upsala, tillegemed et Anhang, indeholdende Brudstykker af et endnu ældre Haandskrift af samme Konges Saga i Det norske Rigsarkiv, samt Anmærkninger, Ord- og Navne-Register*, Feilberg & Landmarks Forlag, Christiania.
- Knudsen, Trygve (1967): "Om det eldste bevarte sørøstnorske skriftspråk". *Skrifttradisjon og litteraturmål. Artikler og avhandlinger i utvalg. Festskrift i anledning av professor dr. Trygve Knudsens 70 års dag 23. juni 1967*, Universitetsforlaget, Oslo, s. 9–52.
- Kock, Axel (1882): *Studier öfver fornsvensk ljudlära I*, C. W. K. Gleerups förlag, Lund.
- Lehiste, Ilse (1970): *Suprasegmentals*, The M.I.T. Press, Cambridge, Massachusetts / London, England.
- Noreen, Adolf (1923): *Altnordische grammatik I. Altisländische und altnorwegische grammatik (laut- und flexionslehre) unter berücksichtigung des urnordischen*, 4. utg. (Sammlung kurzer Grammatiken germanischer Dialekte. A. Hauptreihe 4, 1), Max Niemeyer, Halle (Saale).
- Rajić, Ljubiša (1975): *Om språket i OUB Ms 4^o 317. Noen teoretiske og metodologiske spørsmål i språkhistorisk forskning og deres relevans for analysen av språket i hand e*, hovedoppgåva i nordisk, Universitetet i Oslo, våren 1975.

- (1980): “Gammelnorsk vokalharmoni i språktypologisk belysning”. Even Hovdhaugen (red.), *The Nordic Languages and Modern Linguistics. Proceedings of the Fourth International Conference of Nordic and General Linguistics in Oslo 1980*, Universitetsforlaget, Oslo – Bergen – Tromsø, s. 315–322.
- Rindal, Magnus (1979): [Melding av] Jan Ragnar Hagland (1978): *Studiar i trøndsk diplomspråk. Ei revurdering av brevmaterialet frå tida før 1350*, Tapir, [Trondheim]. *Maal og Minne* 1979, s. 220–238.
- Schulte, Michael (2002): “The phonological systems of Old Nordic I: Old Icelandic and Old Norwegian”. Oskar Bandle et al. (red.), *The Nordic languages. An international handbook of the history of the North Germanic languages*, bd. 1, de Gruyter, Berlin, s. 882–895.
- Seip, Didrik Arup (1955): *Norsk språkhistorie til omkring 1370*, 2. utg., Aschehoug, Oslo.
- Skomedal, Trygve (1980): “Synkope, omlyd og bryting i nordisk”. Even Hovdhaugen (red.), *The Nordic Languages and Modern Linguistics. Proceedings of the Fourth International Conference of Nordic and General Linguistics in Oslo 1980*, Universitetsforlaget, Oslo – Bergen – Tromsø, s. 120–139.
- Storm, Johan (1920): *Ordlister over Lyd- og Formlæren i norske Bygdemaal*, utg. av Olai Skulerud (Videnskapsselskapets Skrifter. II. Hist-filos. Klasse. 1919: 3), Jacob Dybwad, Kristiania.

